

# Permisjonar

## Vurderingsgrunnlag

Ved behandling av permisjonssøknader som ikkje er lov- eller avtalefesta, skal det takast omsyn til søkeren sine personlege behov, kompetansebehov, budsjetttramme og personal- og driftssituasjon.

Reglane her skal vere retningsgjevande for behandling av permisjonssaker. I einskildsaker kan dei fråvikast dersom spesielle høve gjer dette rimeleg.

Permisjonssøknad skal sendast tenesteveg, og avgjerdinstans vil vere i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande delegasjonsreglement.

Arbeidsgjevar må vere merksam på reglane i arbeidsmiljølova kapittel 12 om rett til permisjon.

## Løn under permisjon / sjukdom / omsorgspermisjon

Med løn er meint:

- Årløn
- Årløn med tilleggsløn/funksjonstillegg

Ved sjukdom har arbeidstakar rett til løn inklusive tilleggsløn/funksjonstillegg frå første dag (ein må ha starta i stillinga, undervisningspersonale tiltre normalt 1. august) og inntil 1 år. Det same gjeld ved omsorgs- og adopsjonspermisjon. Dette inneber at ein ikkje føretok omrekning i samsvar med Hovudtariffavtalen.

## Lønsansiennitet

Lønsansiennitet følgjer reglane i hovudtariffavtalen.

## Feriepengar og pensjon

Løna permisjon vert rekna med i feriepengegrunnlaget etter gjeldande regelverk.

## Pensjonsmedlemskap

Arbeidstakar som er innvilga permisjon med løn, opprettheld sitt pensjonsmedlemskap.

Arbeidstakar som er innvilga permisjon utan løn lenger enn ein månad, skal meldast ut av pensjonsordninga. Arbeidstakar kan likevel få tilbod om å teikna friviljug medlemskap etter reglar som gjeld i pensjonsordninga. For undervisningspersonale som er innvilga permisjon utan løn gjeld eigne reglar.

## Permisjon for kompetanseutvikling

### Permisjon

Det kan innvilgast permisjon med eller utan løn/stipend for kompetanseutvikling og forsking. Ved vurdering skal det leggjast vekt på trøngten for aktuell kompetanse, budsjetttsituasjonen og personalsituasjonen.

Arbeidstakar har elles rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-11 og hovudavtalen § 7.

## **Bindingstid**

Avtale om løn eller stipend i samband med kompetanseutvikling og fastsettning av bindingstid, må gjerast skriftleg før permisjonen tek til.

Bindingstid skal som hovedregel påleggjast når økonomisk stønad (løn og/eller stipend) utgjer meir enn 2 månadsløner.

Bindingstid i aktiv teneste skal utgjere det dobbelte av studietida (eit skoleår gir 2 års bindingstid), og skal som hovedregel knytast til eigen institusjon. Bindingstida skal ikkje overstige 2 år.

Ved brot i utdanninga skal det ytte betalast attende. Dette gjeld likevel ikkje når årsaka er sjukdom eller tungtvegande sosiale grunnar. Ved brot i bindingstida, skal ein høvesvis del av ytinga betalast attende.

Ved bindingstid som overstig 1 år vert følgjande rekna som aktiv teneste:

- Fødselspermisjon med inntil 12 veker.
- Avtening av verneplikt (repetisjonsøvingar mv ) med inntil 1 månad.

## **Lesedagar / eksamen**

I samband med eksamen vert det gjeve permisjon med løn for eksamensdagen(e), samt to lesedagar før kvar eksamen. Ved eksamensformer som varer tre samanhengande dagar eller meir skal det drøftast ei ytterlegare tilrettelegging. Ei slik tilrettelegging kan vere avspasering, ferieavvikling eller endra arbeidstid.

Permisjon med løn vert gjeve under føresetnad av at arbeidstakar har ordinært arbeid dei to dagane umiddelbart før eksamen, og at faget har betydning for fylkeskommunen, jf. hovudtariffavtalen.

Døme på eksamenar som normalt fell utanfor regelverket er førarprøve, fornya prøve til eksamen i vidaregåande skole og eksamenar i fag som ligg heilt utanfor arbeidstakar sitt arbeidsområde og naturlege karriereutvikling.

Søknad om permisjon i samband med eksamen skal leverast i god tid før eksamensavviklinga.

## **Kursavgift, reise- og opphaldsutgifter**

Utgifter til kursavgift, reise- og opphaldsutgifter i samband med kompetanseutvikling kan dekkjast heilt eller delvis. Det skal gjerast ei konkret vurdering om det skal verte gjeve økonomisk dekning og i kva omfang.

Søkjar er pliktig til å opplyse om vedkomande mottek økonomisk stønad frå anna hald til same kompetanseutviklingstiltak.

## **Framandspråklege arbeidstakarar**

Framandspråklege arbeidstakarar kan få dekt utgifter til norskkurs, samt fri med løn for å delta på kurset.

## **Velferdspermisjonar**

Hordaland fylkeskommune vil legge til rette for at arbeidstakar skal få naudsynt fri for viktige velferdsføremål. Permisjon med løn for velferdsføremål kan verte gjeve med inntil 12 arbeidsdagar pr. kalenderår. Det kan avtalast fleksibelt uttak av permisjonsdagane. Dersom arbeidstakar innehavar delstillingar som kvar for seg gir rett til permisjon har vedkomande likevel ikkje krav på fleire dagar permisjon enn det ein arbeidstakar i heil stilling har.

Vilkåret for å søkje slik permisjon er at det ligg føre viktige velferds- og omsorgsgrunnar.

### **Permisjonar**

Type dokument: Rutine

Utarbeidd av: HR Seksjonen - Øk - og org avd

Godkjend av: Økonomi- og organisasjonsdirektør

Godkjend dato: 14.04.2014

Gjeld frå: 14.04.2014

Revidert dato: 27.11.2017

Arkivsak:2014/12509-17

Side 2 av 5

Velferdspermisjon med løn vert innvilga etter vurdering i det enkelte tilfelle. Ved avgjersle skal det takast omsyn både til dei oppgitte permisjonsgrunnane og arbeidstakaren sin individuelle situasjon og behov (t.d. familiesituasjon, omsorgsbyrd, helsetilstand, arbeidssituasjon o.a.).

**Døme på aktuelle permisjonsgrunnar er tilvenning til barnehage, skolestart, ved alvorleg sjukdom og gravferd til nærmiljøet personar, deltaking i nasjonale/internasjonale idrettsarrangement/kulturarrangement, utrykking for tilsette tilknytt hjelpekorps i samband med hjelp ved ulykker/redningsaksjonar, undersøking hos tannlege/lege eller spesialist der dette ikkje kan gjennomførast utanom arbeidstida og/eller følgje av pleietrengjande foreldre til slik undersøking.**

Det kan verte gitt velferdspermisjon for nødvendig besøk hos lege/tannlege/fysioterapeut og liknande. Tilsette skal oppfordrast til å leggje timer på tidspunkt som gir minst mogleg problem for drifta. For deltidstilsette bør dette leggjast til arbeidsfrie periodar dersom det er mogleg.

Arbeidstakrar som ikkje høyrer til Den norske kyrkja har rett til fri frå arbeid, i opp til to dagar kvart år i samband med religiøse høgtider etter vedkomande sin religion. Desse to dagane kan verte gjeve som velferdspermisjon med løn. For deltidstilsette kan arbeidsgjevar krevje at fridagen skal arbeidast inn att.

Dersom permisjonen gjeld sjukdom hos nære pårørende, sjå også arbeidsmiljølova § 12-10 som gjev einsidig rett til permisjon utan løn. Lova gjev ikkje rett til løn under slik permisjon. Velferdspermisjon med løn kan innvilgast innanfor dei rammene som går fram av ordninga. Innvilging av velferdspermisjon medfører ingen auke av det totale tal permisjonsdagar arbeidstakar har rett til etter aml § 12-10. Regelen skal sikre at arbeidstakar kan motta løn for inntil 12 av permisjonsdagane dersom det ikkje er innvilga annan velferdspermisjon.

Det skal som hovudregel ikkje verte gjeve velferdspermisjon med løn for frivillig arbeid i velgjerande og allmennytige organisasjonar eller private lag. Slik arbeid bør i utgangspunktet gjennomførast på fritida.

## Andre permisjonsreglar

Permisjon utan løn kan verte gjeve etter ei konkret vurdering. Ved vurdering skal kriteria som går fram av punkt 1 leggjast til grunn.

Ved overgang til anna stilling kan det for arbeidstakar med meir enn 5 års tenesteansennitet leggjast til rette for permisjon utan løn i inntil eitt år dersom arbeidet er eit ledd i den faglege og personlege utviklinga for arbeidstakar.

Aktuelle permisjonsføremål kan vere:

- Helsemessige, sosiale eller andre viktige velferdsgrunnar
- Ved vikariat, engasjement og hospitering der dette er av verdi for vedkomande si faste stilling
- Internasjonalt arbeid (NORAD, FN, osb.)
- Kurs /opplæring i hjelpekorps eller annan humanitær hjelpeorganisasjon.

## Permisjon i samband med fødsel og omsorg for mindre barn

Det vert vist til gjeldande reglar i arbeidsmiljølova kapittel 12.

## Militærteneste

Det vert vist til gjeldande lover og reglar i arbeidsmiljølova § 12-12 og i Hovudtariffavtalen.

## Offentlege ombod

Med offentlege ombod er meint ombod som er oppretta ved lov eller med heimel i lov, og som ein ikkje kan nekta å ta imot med mindre det ligg føre særlege fritaksgrunnar. (Eks.: kommunestyremedlem, vitne, meddommar, lagrettemann, offentlege nemnder mv).

For å utføre offentleg ombod kan det gjevast permisjon med løn i inntil 10 arbeidsdagar pr. kalenderår. Naudsynt permisjon utover dette vert gjeve utan løn.

Arbeidstakar som vert vald til stortingsrepresentant, ordførar eller anna offentleg ombod på heiltid, får permisjon utan løn for valperioden.

## Nominasjon

Arbeidstakar som vert vald som utsending til nominasjonsmøte ved stortingsval, fylkestingsval eller kommuneval, vert gjeve permisjon med løn.

## Tillitsvalde

### Formål

Partane skal gjennom samarbeid, involvering og medansvar utvikle eit godt arbeidsmiljø mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Intensjonane i Hovudavtalen skal leggjast til grunn for dette arbeidet.

### Definisjonar

**Tillitsvald** er arbeidstakar tilsett i fylkeskommunen som er vald/utpeika av medlemene i sin organisasjon til å ivareta dei oppgåver som går fram av Hovudavtalen.

**Hovudtillitsvald** er tillitsvald som er vald/utpeika av sin organisasjon for å koordinere og hjelpe tillitsvalde i deira arbeid overfor fylkeskommunen.

**Fellestillitsvald** er arbeidstakar som er vald/utpeika av ein forhandlingssamanslutning for å ivareta det ansvar og dei oppgåver som ligg til dei hovudtillitsvalde.

**Tillitsverv** i arbeidstakarorganisasjon er interne verv i organisasjonen som t.d. styreleiar, kasserar, fylkesstyremedlem, landsstyremedlem. Desse representerer ikkje arbeidstakarane overfor arbeidsgjevar, men har likevel permisjonsrettar etter HA § 3-7.

### Rettar og plikter

Tillitsvalde sine rettar og plikter går fram av gjeldande Hovudavtale.

### Permisjon

Tillitsvalde har rett til fri med løn frå ordinært arbeid for å utføre sine tillitsvaldoppgåver. Arbeidstakarar med interne tillitsverv i organisasjonen jf. definisjon, har ikkje tilsvarande permisjonsrett. Omfanget av permisjon må drøftast lokalt og sjåast i samband med frikjøpte tillitsvaldressursar. Tilhøva skal leggjast til rette slik at den tillitsvalde kan utføre sine oppgåver på ein tilfredsstillande og god måte.

Fråvær skal om mogleg avtalast med overordna på førehand, og arbeidet skal utførast på en slik måte at det ikke er til vesentleg blempe for drifta.

Tillitsvalde har rett til permisjon med løn ved deltaking i og naudsynt førearbeid til lokale tingingar med arbeidsgjevar. Når dette arbeidet fell på den tillitsvalde si fritid, skal denne ha igjen medgått tid.

Tillitsvalde har rett til fri med løn for å delta på kurs (opplæringstiltak) for tillitsvalde/organisasjonsfaglege kurs som vert arrangert av vedkomande sin arbeidstakarorganisasjon eller hovudsamanslutning. Det same gjeld når denne type kurs vert arrangert av studieorganisasjon som utfører oppdrag for ein

hovudsamanslutning/ arbeidstakarorganisasjon. Fell desse kursdagane på den tillitsvalde sin fridag(er), skal denne ha fridagen(e) igjen.

Tillitsvalde har rett til fri med løn for å delta på tillitsvaldmøter. Når møta fell på den tillitsvalde sin fridag(er), skal denne ha medgått tid igjen.

Nødvendig reisetid kjem i tillegg til permisjonsrettane ovanfor.

Permisjon med løn vert gjeve med inntil 12 dagar pr. år for valde, faste medlemer til ein arbeidstakarorganisasjon sine vedtektsfesta:

- styrande sentrale organ
- styrande distrikts/fylkesorgan
- øvste organ på distrikts-/fylkesplan

dessutan til valde medlemer og delegatar for å møte i den einskilde arbeidstakarorganisasjon sitt høgste organ ( landsmøte o.l.).

## Møte

Medlemsmøte, styremøte, klubbmøte eller liknande kan ikkje leggjast til arbeidstida.